



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid sokneråd

Referat frå kyrkjelydsmøte søndag 31.3.2019 i Brunkeberg kyrkje.

Kl. 12:30-14:10

Det var 29 møtande.

* Håkon Birkeland var vald til møteleiar og Hans Kristian Aabø vart vald til møtetreferent.

* **Årsmelding 2018 og årsrekneskap 2018.**

Årsmeldinga var trykt opp. Håkon las ho. Kyrkjeverje Kristen Salmelid las opp frå årsrekneskapen. Årsmøtet takka for ei flott årsmelding og gav ein takk til alle friviljuge og løna medarbeidarar.

* **Liturgi, musikk val**

For om lag 10 år sidan kom det endringar i musikkvalet, kyrkjelydane vart mykje friare. Kviteseid valde som resten av prostiet å halde fram med melodiane til liturgien frå 1978. No er det innstramma og kyrkjelydane har 5 ulike melodisett til liturgien. Kviteseid sitt val frå 2015 er blant desse.

Sokneprest Møyfrid Lunde og organist Dagfinn Køhn fortalde og spela andre melodiar for oss.

Det var inga stor stemning for å gå vidare med utprøving av dette.

* **Anna.**

Eit hjartesukk frå Vrådal. Det er viktig at det ikkje vert for lenge mellom gudstenestene. Soknerådet tek det med i vidare planarbeid.

Takk til Møyfrid for ei trygg og god høgmesse.

Kviteseid 31.3.19
Ref. HKA